

## Valldal Bygdekvinnelag

Styremøte 26. september klokka 19:00 på biblioteket.

Til stades: Solveig, Bjørg, Mette Marie, Mette V, Nelly, vara Anne.

I tillegg møtte Gerd Myren Hoel i ein del av møtet, for å sondere kandidatar til valet.

Solveig opna møtet med å lese to dikt. Diktet om kosthald kan sendes avisa som månadens dikt for oktober.

Samtalar og spørsmål om kven som kan ta attval, og kven som vil avslutte vervet sitt. Forslag om nye kandidatar.

### **Sak 1: Orienteringar**

Frivilligsentralen har bede om forslag på kandidatar til fylkeskulturprisen.

Solveig har vore i eit møte på VTS om gåvemidlar. Eit uryddig møte utan saksliste og konklusjonar.

VTS har spurd om å få fleire sæterbøker. Det har Solveig ordna.

Quiz byrjar i morgon

Ingunn Krogstad har sendt epost om julegatemarknad 2. og 3. desember.

### **Sak 2: Årsmøte**

Skal vere på biblioteket klokka 18:00. Årsmelding, budsjett og årsplan/årshjul må gjerast klart. Valkomiteen legg fram forslag til val.

Det blir kaffi og mat. Gruppe 6 med Turid Aspehjel tar seg av dette.

Inger Sandnes kan vise bilder frå Afrika.

Bjørg eller Mette V leier møtet.

### **Sak 3: Kulturdag**

5. – 7. trinn skal ha kulturdag på skulen 2. oktober. Det er elevar frå heile kommunen. Det vert to personar som møter for VBK.

### **Sak 4. Evaluering av Olsok**

Bjørg har deltatt på felles evalueringsmøte. Mest viktig for oss er matkomiteen. Det var godt samarbeid og nok vakter. Det vart for lite graut, men nok vaflar og pølser. Forslag om mindre porsjonar med graut neste år. Det er eit ønskje å få eit kjøleskap som matvarene kan vere i under arrangementet. Det er vanskeleg å dra opp til skulen for å hente undervegs. Mette Marie meinte at det også burde vere fleire containere med grøt slik at dei slapp å hente. Vanskeleg med parkering og tungt å bære. Vi sit igjen med ca 20.000 kroner.

**Sak 5: Evaluering av sommarskolen**

Det var for store grupper og for små born. Det var born frå 1. og 2. klasse og dei kunne ikkje lese oppskrift. Inntekt ca kr 15.000 netto.

**Sak 6: Økonomi**

Vi fekk kr 2.500 frå fylkeskommunen for vaflane på torgdagen. Berit fører rekneskap. Vi skal spørje om ho kan kome på årsmøtet.

**Sak 7: Eventuelt**

Diskusjon om vi skal delta på julemarknaden 2. og 3. desember. Telt eller bod kostar kr 350 pr dag ute og kr 500 pr dag inne. Stemninga er å takke nei.

Det bør vere annonse i avisa om sal av jubileumsboka. Ein gong før jul. Boka er eit tidsbilde og lokalhistorie. Ein eller annan burde ha skive en anmeldelse i avisa.